



Mildver i Uskedalen sist vinter – men ikkje kakelinna! (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er det kakelinne, seier folk og viser til mildverperiodar tidlig på vinteren. Men ein uskedeling med sans for meteorologi og ver påpeikar at kakelinne ikkje er det mange trur. Kakelinne er ikkje fleire mildver - det er berre den aller fyrste mildverperioden om vinteren, seier han.

Og han har rett. I Wikipedia les vi at kakelinne er eit folkeleg uttrykk for ein mildversperiode rundt midten av desember. Då går julebakinga føre seg og folketrua ville ofte ha det til at mildværet skuldast varmen frå alle bakaromnane.

Kakelinna vart også kalla lefsetøveret, lefsetøyra eller bryggjardøgri. Kakelinna var i folketradisjonen nær knytt opp mot Tomasmesse, som er 21. desember.

Med andre ord er kakelinna for lengst unnagjort også i denne vinteren.

Men meteorologane kan presentera statistikk som visar at temperaturen gjerne stig forbigåande fleire gonger frå slutten av november og framover mot jul.

Men det er altså berre ei kakelinne!

Av Ola Matti Mathisen